

ULVIK HERAD

## ULVIK HERAD PLAN FOR KOMMUNAL KRISELEIING

INNLEIING	DEL 1	s.
2		
KRISELEIING	DEL 2	s.
4		
INSTRUKS FOR KRISELEIINGA	DEL 3	s.
6		
TILTAKSKORT OG HANDLINGSPLANAR	DEL 4 (vedlegg 1)	s.
7		

Varslingsliste	s.
8	
Ressursoversyn	s.
9	
Andre planar	
s.12	

# **PLAN FOR KOMMUNAL KRISELEIING**

## **DEL 1:INNLEIING**

### **1.1.**

### **1.2.Generelt**

Plan for kommunal kriseleiing skal hjelpe heradet til å handtera vanskelege situasjoner som krev større og meir samordna innsats. Heimelen for denne planen er: «Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret av 25.6.2010», den såkalla «Sivilbeskyttelsesloven». Heradet skal utarbeida ein «beredskapsplan» etter § 15.

### **1.3.DEFINISJONAR**

Krise:	Ein alvorleg og truande situasjon/hending som krev akutt og samordna innsats, og som den ordinære organisasjonen i heradet ikkje er dimensjonert til å handtera.
Kriseorganisasjon:	Den organisasjonen som er etablert for å løysa oppgåvene som krisa har skapt, og som er for omfattande for den ordinære organisasjonen i heradet.
Informasjonskrise:	Kan oppstå som ei isolert krise, men følgjer i kjølvatnet av ei opphavleg krisa. Vesentlege trekk er mangel på informasjon.
Krisekommunikasjon:	Utveksling av informasjon mellom eigne tilsette, media, innbyggjarane og samarbeidspartnarar i alvorlege situasjoner og krisa.

### **1.4.KATASTROFAR/ULUKKER**

Plan for kriseleiing skal setja heradet i stand til handtera katastrofar/ulukker som:

<b>Større trafikkulukke</b>	<b>Ras</b>	<b>Skipshavari</b>
<b>Brann</b>	<b>Ulukke på høgfjellet</b>	<b>Straumsvikt</b>
<b>Ekstremvær</b>	<b>Atomulukke</b>	<b>Epedimiari/sjukdom</b>

Politiet er ved lov pålagt å leia redningsarbeidet ved skadestad, dersom det er fare for skade på eller tap av liv, eller skade på eigedom. Heradet skal i slike tilfeller bistå politiet.

Etter lova er brannvesenet forplikta til innsats også ved andre akutte ulykkessituasjoner, og det er brannsjefen som har leiinga på ein skadestad inntil politiet tek over. Heradet har ansvaret for at lokalsamfunnet fungerer mest mogleg normalt.

### **1.5.HERADET SINE OPPGÅVER**

Heradet sin plan for kommunal kriseleiing er forankra i heradsplanen – samfunnssdelen:

«Ulvik herad vert med jamne mellomrom minna om sine oppgåver i samband med utvikling av beredskapsplanverk og ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar). Heradet har hatt sokjelys på samfunnstryggleik og beredskap gjennom mange år. Ulvik herad sin

planstrategi har mål i høve til samfunnstryggleik og beredskap. Systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid handlar om tiltak for å førebyggja og kunna handtera hendingar og situasjonar som truer liv og helse. Erfaringar frå alvorlege ulykker og katastrofar har vist at samfunnet ikkje har vore godt nok førebudd til å handtera vanskelege situasjonar tilfredstillande. I tillegg kan medietrykket bli stort når ein krisesituasjon først oppstår. Informasjonshandtering er difor ein viktig del av kriseberedskapen».

Døme på kva heradet kan få ansvaret for å handtera i ein krisesituasjon:

- Evakuering av personar frå eit utsett område
- Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- Informera om situasjonen i heradet
- Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- Forpleiing og forsyningsstøtte
- Sikra næringsmiddel og drikkevatn
- Retta opp skadar på kommunikasjon og anlegg
- Innsats for å verna miljøet
- Verna om kulturelle verdiar

## **1.6. PLAN FOR KOMMUNAL KRISELEIING**

Leiinga i heradet har ansvaret for at det vert arbeidd med førebuande tiltak i beredskapsarbeidet innan alle område. Heradet har ansvaret for innbyggjarane sitt ve og vel.

Plan for kommunal kriseleiing er ein samordna plan for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Planen er eit hjelphemiddel i ein krisesituasjon.

Planen er overordna andre beredskapsplanar for tenesteområda. Døme på dette er:

- Plan for helsemessig- og sosial beredskap
- Prosedyre psykososialt kriseteam
- Handlingsplan ved alvorlege ulukker og dødsfall – Brakanes skule.
- Handlingsplan ved alvorlege ulukker og dødsfall – Ulvik barnehage.
- Atomulukke
- Dambrotbylgjeberekning for dammar; Rundavatn og Langavatn.

## **1.7.**

### **Eksternt**

Fylkesmannen  
Lensmannen  
Hordaland Politidistrikt  
Hardanger Energi AS  
Statens Vegvesen  
HV-områdesjefen  
Sivilforsvaret

### **Internt**

Kommunal kriseleiing (KKL)  
Brannvesenet  
Kommuneoverlegen  
Leiar psykososialt kriseteam  
Landbrukskontoret  
Økonomiaavdelinga  
Tenestetorget


## **DEL 2: KOMMUNAL KRISELEIING (KKL)**

### **2.1 Kommunal krieseleiing i Ulvik herad**

Rådmann – leiar  
Ordførar – informasjonsansvarleg  
Helse- og omsorgssjef  
Teknisk sjef  
Personal- og administrasjonsleiar / Ass. rådmann

Dette er dei faste medlemene i kommunal krieseleiing. Andre vert kalla inn etter behov t.d. kommuneoverlege, brannsjef m.fl.

#### **2.1.1 Organisasjonskart**



### **2.2. Medlemar i kommunal krieseleiing**

Rådmannen kallar saman krieseleiinga. Han avgjer om heile eller deler av krieseleiinga skal kallast saman. I leiaren sitt fråvær er det personal- og administrasjonsleiar/fungerande rådmann som kallar inn krieseleiinga. Dersom heller ikkje fungerande rådmann er til stades har kvart einskild medlem rett og plikt til å kalla saman krieseleiinga. I ordføraren sitt fråvær møter varaordføraren. Ordføraren avgjer om varaordføraren skal kallast inn. Krieseleiinga nyttar tenestetorget som sekretariat under innsatsen. Krieseleiinga avgjer om det skal søkjast hjelp frå Sivilforsvaret, heimevernet, hjelpeorganisasjonar eller andre.

### **2.3 Fullmakter**

Kommunal krieseleiing har fullmakt til å disponera inntil kr 2 000 000,- til å handtera dei utfordringane som ei uynskt hending krev.

### **2.4 Etablering**

Krieseleiinga etablerer seg i kantina på Sentrumsbygget. Sekretariatet etablerer seg i tenestetorget, med unntak av loggførar som møter i kriestab.

Informasjonsfunksjonen (media/presse) etablerer seg på møterommet på tenestetorget. Dersom situasjonen tilseier det kan presserom etablerast på Brakanes hotell.

## **2.5.Utstyr og samband**

Nødvendig utstyr og kommunikasjonssamband skal vera tilgjengeleg på kantina i sentrumsbygget.

## **2.6 Kriseleiinga sine oppgåver**

- Innhenta opplysningar og vurdera situasjonen i heradet
- Ta avgjerd om å setja i verk tiltak for å hindra skade på personar og materielle verdiar
- Prioritera heradet med eigne ressursar
- Halda god kontakt med rednings-/innsatsleiing (brann, politi, redningssentral)
- Utarbeide og senda ut info til eigne tilsette, innbyggjarar og media.
- NB! Dersom lokal redningssentral (LRS) er etablert skal all informasjon om sjølve skaden gå ut derifrå.
- Gje rapportar om situasjonen i heradet til fylkesmannen

## **2.7 Loggføring**

Beredskapssekretariatet peikar ut ein person som fører logg for kriseleiinga.

## **2.8 Opplæring/oppdatering**

Kommunale einingar skal minst ein gong i året gjennomgå eigne beredskapsplanar.

## **2.9 Ajourhald**

Kriseplanen skal ajourførast i første kvartal kvart år. Leiar for beredskapssekretariatet er ansvarleg for ajourhald av planen.

## **2.10 Beredskapsrådet**

Beredskapsrådet er eit forum for informasjon og drøfting der ein gjensidig kan orientera kvarandre om planlegging, ressurstilgang, klargjera ansvars- og rolledeeling og ikkje minst leggja til rette for styrka samarbeid på tvers av etats- og forvaltningsgrenser.

Medlemmene i rådet er alle som har interesser i og kunnskapar om beredskapsarbeid. Liste over aktuelle instansar, organisasjonar og personar til beredskapsrådet er lagt inn her.

Rådet bør ha møte ein gong i året. Det har ingen formell, operativ status.

## **DEL 3 INNSTRUKS FOR KRISELEIINGA**

### **Samansetjing av kriseleiinga**

**Leiar:** Rådmannen

**Nestleiar:** Personal- og administrasjonsleiar / Ass. rådmann (beredskapskoordinator)

**Medlem:** Teknisk sjef

**Medlem:** Ordførar (informasjonsansvarleg)

**Medlem:** Helse- og omsorgsleiar

Rådmannen kallar saman kriseleiinga. Han avgjer om heile eller deler av kriseleiinga skal kallast saman. Han kan også kalla inn eksterne etatar/organisasjonar etter behov. Politiet er ikkje «fast medlem», men det vil vera nærliggjande å be dei tiltre kriseleiinga.

#### **Rådmannen**

Er leiar for kriseleiinga, og skal syta for at alle hendingar vert handtert i tråd med planverk og lovverk innafor beredskapsområdet. Vidare skal han syta for at kriseleiinga er rett dimensjonert, og har rett utstyr og kompetanse til å gjennomføra arbeidet. Han skal også syta for at alle tilgjengelege ressursar vert nytta effektivt og rasjonelt.

#### **Personal- og administrasjonsleiar / Ass. rådmann**

Er nestleiar i kriseleiinga, og er leiaren sin faste stedfortredar. Skal ha oversikt over tilgjengeleg personell. Skal syta for at det vert tilrettelagt for øvingar i kommunal kriseleiing.

#### **Teknisk sjef**

Leiar for den operative aktiviteten. Har det overordna ansvaret for å organisera eksterne operative ressursar. Skal leggja til rette for tilførsel av utstyr og personell, og skal syta for at operativt personell har naudsynt kompetanse, og er trena for arbeidet.

#### **Helse- og omsorgsleiar**

Er helse- og omsorgsfagleg rådgjevar i kriseleiinga. Skal koordinera innsatsen innan helse og omsorg.

#### **Ordførar**

Ordføraren er heradet sin informasjonsansvarleg ut til media/publikum.

Ordføraren held kontakten med pressa, og arrangerer pressekonferansar i samarbeid med beredskapssekretariatet.

#### **Andre instansar eller funksjonar som kan bli kalla inn etter behov:**

**Politiet** er heradet sin ressurs overfor eksterne ressursar som t.d. Sivilforsvaret, regional politimynde og hjelperessursar t.d. hjelpekorpsa. Vidare er **brannsjef** og **kommuneoverlegen** og **IKT-ansvarleg** sentrale funksjonar som kriseleiinga må dra vekslar på.

## **DEL 4: TILTAKSKORT OG HANDLINGSPLANAR VED STØRRE HENDINGAR**

### **- vedlegg 1**

Det vert utarbeidd tiltakskort eller handlingsplanar ut frå dei behova krisseleiinga har for å handtera ulike utfordringar og hendingar. Krisseleiinga (KKL) sin rolle er ikkje å vera ein operativ aktør ved skadestaden. Dette er det politiet som styrer, saman med brann/redning og ambulanse/legetenesta. KKL/heradet sin rolle gjeld arbeidet med å sikra tryggleik for våre innbyggjarar, og arbeidet med å oppretthalda tenesteproduksjonen. Difor vil dei viktigaste oppgåvene vera; informasjon, varsling og eventuelt «tilrettelegging» ved evakueringsmelding frå politiet.

Her er lista over ulike tiltakskort og handlingsplanar.

- Plan for evakuering
- Informasjonsplan
- Plan for varsling
- Tiltakskort – større trafikkkulukke
- Tiltakskort - ras
- Tiltakskort - skipshavari
- Tiltakskort – brann ved institusjon
- Tiltakskort – skogbrann
- Tiltakskort – ulukke på høgfjellet
- Tiltakskort – varsel om ekstremver
- Tiltakskort – svikt i straumtilførsle
- Tiltakskort – svikt i straumtilførsle ved Ulvik sjukeheim
- Tiltakskort – svikt i straumtilførsle ved Brakanestunet
- Tiltakskort – svikt i straumtilførsle Sentrumsbygget og Haugesenteret.

## Vedlegg 2: VARSLINGSLISTE

### Kommunal kriseleiing:

Funksjon	Namn	Stilling	Tlf	Adresse
Leiar KKL	Thore Hopperstad	Rådmann	40007158	5730 Ulvik
Medlem KKL	Anette T. Hjeltnes	Personal og adm.leiar / Ass.rådmann	40007118	5730 Ulvik
Medlem KKL	Hans P. Thorbjørnsen	Ordførar	40007119	5730 Ulvik
Medlem KKL	Jarle Grevstad	Teknisk sjef	40007147	5730 Ulvik
Medlem KKL	Kristin Liset	Helse- og omsorgssjef	40007151	5730 Ulvik

### Andre sentrale funksjonar og instansar:

Eining	Namn	Stilling	Tlf	Adresse
Politisk leiing	Jens Olav Holven	Varaordførar	93610913	5730 Ulvik
Brann/redning	Egil Holven	Brannsjef	91666620	5736 Granvin
IKT	Per-A.Halstensgård	IKT-ansvarleg	40007125	5730 Ulvik
NAV Ulvik	Marianne Lindahn	NAV-leiar	40007131	5730 Ulvik
Tenestetorget	Claudia Saathoff	Politisk sekretær	56527002	5730 Ulvik
Landbruk	Rune Østraat	Jordbruksjef	40007154	5730 Ulvik
Skogbruk	Lars Præstin	Skogbruksjef	40007155	5730 Ulvik
Legetenesta	Unni Solem	Kommuneoverlege	40007136	5700 Ulvik
Helse og omsorg	Kristin Liset	Helse- og omsorgssjef	40007151	5730 Ulvik
Brakanes skule	Rigmor Hanssen	Einingsleiar	40007153	5730 Ulvik
Ulvik barnehage	Solgunn W. Bjørke	Einingsleiar	40007140	5730 Ulvik
Legevakt			56526003	5730 Ulvik
Kyrkja	Magnar Haaland	Sokneprest	41546366	5730 Ulvik
Voss sjukehus			56533500	5700 Voss
Sivilforsvaret			55109300	5224 Nesttun
Vest politidistrikt			02800	5000 Bergen
Lensmann, Voss			56528700	5700 Voss
Distr.veterinær		Veterinær	56513300	5700 Voss
Fylkesmannen	Arve Meidell	Beredskapssjef	91699098	5000 Bergen
Statens Vegvesen		(Vegmld.175)	56520200	5700 Voss
Telenor			91509000/ 91505000	5000 Bergen
Jernbaneverket			05280	
Hardanger Energi	Erlend Nordnes	Dagleg leiar	99535100/ 53671600	5780 Kinsarvik
Hardanger Energi		Feilmeld nett	99535100	5780 Kinsarvik
Finse 1222 AS			56527100	5719 Finse
NSB /kundesenter			23620000/ 61051910	
Mattilsynet			22400000	5600 N.heims.
Ulvik RK hjelpekorps	Sondre Syse	Leiar	48464439	5730 Ulvik

Finse RK hjelpekorps	Asbjørn Skjøthaug	Leiar	91103768	5719 Finse
Ulvik IL	Mona Hellesnes	Leiar	41390461	5730 Ulvik
Bygdekvinnelaget	Asa Gunnarsdottir	Leiar	41299325	5730 Ulvik

### Andre kommunar i nærområdet og kontaktpersonar i grendane

Kommune/område	Namn	Stilling	Tlf.	Adresse
Granvin herad	Trude H. Letnes	Rådmann	41679533	5736 Granvin
Eidfjord kommune	Geir Underhaug	Rådmann	99356612	5783 Eidfjord
Ullensvang herad	Magnus Steigedal	Rådmann	93644442	5780 Ullensvang
Voss kommune	Einar Hauge	Rådmann	95262050	5700 Voss
Osa	Ivar Osa	Kontaktperson	40007173	5730 Ulvik
Vangsbygda	Ivar Lindvik	Kontaktperson	90060063	5734 Vallavik
Finse	Vaktmeistar (turnus)	Kontaktperson	46954143	5719 Finse

### Vedlegg 3: RESSURSOVERSYN

Liste instansar og verksemder som rår over redningsressursar i og utanfor heradet.

Instansar eller redningsressursar	Kontaktperson	Tlf.	Kommentar
Satellitttelefon	Rådmannen /Ivar Osa		1 på rådmannskontoret, 1 i Osa
Havnebåt	Teknisk sjef	40007147	
Anleggsmaskiner	Ulvik bensin & service	56526389	
«	Arne Osa	91101895	
«	Torleif Brattli	99124116	
«	Ove Sævartveit	95244264	
Brannvernmatiell, dykkar/froskemannsutstyr	Egil Holven	91666620	All kontakt mot brann/redning via brannsjef
Lavinemateriell			Hjelpekorpsa sjå varslingsliste
Løfteutstyr	Ulvik bensin & service	56526389	
«	Egil Klubben	90956522	
Mattilsynet		6040	
Nødstraum	Ulvik bensin & service	56526389	
«	Egil Klubben	90956522	
Sanitetsmateriell/apotekvarer	Unni Solem	40007136	Legekontoret
Vitusapotek, Vossevangen		56530777	
Coop, Ulvik		56526001	
Joker, Ulvik		56526547	
Sivilforsvarsressursar			Sjå varslingsliste
Innkvartering/storhushald	Brakanes hotell group	56526105	

Finse 1222	Dagleg leiar	56527100	
Strand Fjordhotel	Dagleg leiar	56526305	
Ulvik sjukeheim	Helse og omsorgssjef	56527080	
Elvatun ungdomshus		56527000	

## REDNINGSSRESSURSAR PÅ HØGFJELLET

**Jernbaneverket (JBV) sitt redningsutstyr (inkludert redningstog) langs høgfjellsstrekninga:**

### Ål:

- Mannskap og trekkraftmaskiner som er i JBV driftsberedskap inngår også som kriseberedskap ved hendingar og ulykker.
- Vannvogn med sløkkeberedskapsutstyr.
- NSB Berging og Beredskap jernbane AS har beredskapstog med diesel trekkraftmaskin, ein konduktørsvogn og tre passasjervogner.
- Førarar som er på Ål inngår i NSBs beredskapsvakt på beredskapstoget.
- Toget vert rekvrirert av togleiar Bergen vi DROPS (Drifts Operativt Senter, NSB) ved behov.

### Haugastøl:

- Jernbaneverket har sammen med Statens Vegvesen inngått avtale med Geilo Røde Kors hjelpekorps om beredskapsutstyr plassert i containere på Haugastøl.
- I avtalen ligg det også tracking av scooterløype for evakueringstrase. JBV har avtale med Ulvik herad om scooterløyve for denne aktiviteten.

### Finse:

- Telt og varmeaggregat er lagret hjå Finse Røde Kors hjelpekorps som kan frakte dette ut til en hending/ulykke.
- Ullteppe og soveposar er lagra i stasjonsbygningen.
- JBV har stasjonert Snøkoordinator på Finse fra ca 1.12. og til påske.

### Hallingskeid:

- Ullteppe og soveposar er lagret i stasjonsbygningen.

### Myrdal:

- Ullteppe og soveposer er lagra i stasjonsmesterbygningen.
- Vannvogn med sløkkeberedskapsutstyr.

### Voss:

- Mannskap og trekkraftmaskiner som er i JBV driftsberedskap inngår også som kriseberedskap ved hendingar og ulykker.
- Vannvogn med sløkkeberedskapsutstyr.
- Flatvogn parkert ved rampe for brannbil/snøscootere eller anna utstyr som det kan være behov for ved hending/ulykke.
- Lukka vogn for mannskaper og utstyr. (Lite stasjonert utstyr i vogna, men blir klargjort ut fra behov og utstyrt av redningsetater.)

- Trekkraft blir enten JBV:s eigne trekkraftaggregater eller NSB Di8-lok (stort diesellokomotiv) som skal stasjoneres i Bergen fra 15.12.2014. Maskina vil ha 24/7 bemanning. Di8-loket kan rekvirerast av togleiar og vil bruke ca 60 min fra Bergen til Voss.
- Totalt er det ca 220 soveposer og ulltepper plassert ut av JBV på strekningen.

For tilgang til soveposer og ulltepper må Jernbaneverket (JBV) sitt personale kontaktast.

### **NSB regiontog - beredskap**

På NSBs regiontog er det utstyr for at alle passasjerene skal klare seg i inntil 6,5 timer før eksterne resurser kan være på plass.

## **REDNINGRESSURSAR PÅ FINSE**

### **Finse 1222 og Finsehytta**

Standard førstehjelpsutstyr ved begge stader. Hjertestartar og medisinsekk ved Finse 1222. Finsehytta har også hjertestartar.

### **Finse Røde Kors Hjelpekorps**

Førstehjelpsutstyr: Oksygenkoffert, spjelkeutstyr, 4 bårer.

Redningsutstyr: Leiteutstyr og søkestenger, Jæren-posar, varmeposar.

«Heatpack», 3 snøskutrar og 4 private snøskutrar.

Anna viktig utstyr: 1 hjertestartar (tilgang til 1 ekstra hjå Finse skisenter), Ullteppe.

## **ANDRE PLANAR**

Plan for helsemessig- og sosial beredskap

Prosedyre psykososialt kriseteam

Handlingsplan ved alvorlege ulukker og dødsfall – Brakanes skule.

Handlingsplan ved alvorlege ulukker og dødsfall – Ulvik barnehage.

Atomulukke

Dambrotbylgjeberekning for dammar; Rundavatn og Langavatn.

Sjå: <https://www.ulvik.kommune.no/planar>